



Kommunereform Firda kommune

Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Vår referanse:

Dato:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

15/497-13-ØH-002

16.11.2015

Kommunereform Firda kommune, referat frå møte i styringsgruppa 13.11.15

Tidspunkt : 13.11.15 kl 12.30 -14.30

Stad : Scandic Sunnfjord Hotel og Spa

Til stades:

Styringsgruppa		
Namn	Kommune	Funksjon
Mathias Råheim	Gaular	Ordfører, leiar av styringsgruppa
Olve Grotle	Førde	Ordfører
Magni Aa Berge	Gloppen	Varaordfører
Morten Askvik	Hyllestad	Ordfører
Oddmund Klakegg	Jølster	Ordfører
Håkon Myrvang	Naustdal	Ordfører
Frida Melvær	Askvoll	Ordfører
Jan H. Nygård	Flora	Varaordfører
Gunnhild Berge Stang	Fjaler	Ordfører
	Solund	Ordfører
Rådmenn og prosjektsekretariat		
Namn	Kommune	Funksjon
Bente Nesse	Hyllestad	Rådmann
Jan Kåre Fure	Gloppen	Rådmann
Børge Tvedt	Jølster	Rådmann
Rolf Bjarne Sund	Flora	Plansjef
Ola Hovland	Fjaler	Rådmann
Ole John Østenstad	Førde	Rådmann
Håkon Loftheim	Askvoll	Rådmann
Helge Følid	Gaular	Rådmann
Øyvind Bang-Olsen	Naustdal	Rådmann
Erik Askeland	Solund	Administrasjonssjef
Trond Ueland		Sekretær for SiS regionråd
Per Arne Tveit		Sekretær for Hafs regionråd
Øystein Høyvik		Prosjektleder
Andre		
Namn	Representerer	
Kåre Træen	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Wenche Kvalvik	LO (Fagforbundet)	
Elin Enebakk	LO (Fagforbundet)	
Marit Solheim	YS (Delta)	
Torill Anita Segtnan	Akademikerne (Tekna)	
Stian Jakobsen	Unio (Utdanningsforbundet)	

Utsendt dagsorden:

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 23.10.15
2. Gjennomgang og godkjenning av referat frå felles formannskapsmøte 06.11.15
3. Tilbakemelding frå folkemøta v/ ordførarane
4. Felles folkemøte for ungdom? v/ Øystein Høyvik
5. Korleis skal vi organisere prosjektet vidare? v/ Øystein Høyvik
6. Rådgjevande folkerøysting
7. Gjennomgang av framdriftsplanen
8. Evt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 23.10.15

- Godkjent.

Gjennomgang og godkjenning av referat frå felles formannskapsmøte 06.11.15

- Godkjent med merknad om at Hyllestad kommune opplyser at dei i felles formannskapsmøte meldte at det framleis var grunnlag for Firda kommune for Hyllestad sin del.

Tilbakemelding frå folkemøta

- Flora, Solund, Gloppen og Naustdal kommunar har utsett folkemøta
- Dei andre kommunane melder om
 - auka deltaking i høve førre møte
 - gode debattar
 - ynskje om meir informasjon før evt rådgjevande folkerøysting
- Det bør vurderast om alle kommunane bør gjennomføre informasjonsmøte i forkant av eventuell rådgjevande folkerøysting.

Felles folkemøte for ungdom

- Ein tek sikte på å gjennomføre felles folkemøte for ungdomsråda i samarbeidskommunane i januar/februar 2016
- Prosjektsekretariatet ansvarleg for gjennomføring
- Flest mogleg av ordførarane bør delta.

Framdriftsplanen

- Følgjande tidspunkt blir endra:
 - Kommunestyrevedtak om innbyggjarhøyring mv blir endra frå 31.12.15 til 31.01.16
 - Tidspunkt for gjennomført rådgjevande folkerøysting blir endra frå 28.02.16 til 31.03.16
- Ein tek framleis sikte på kommunestyrehandsaming innan utgangen av april 2016

Vidare organisering

- Hovudkonklusjonar frå felles formannskapsmøte:
 - *Med utgangspunkt i ordførarane sine tilbakemeldingar er det store alternativet med 10 kommunar ikkje lenger aktuelt, men dette må stadfestast av kommunestyra*
 - *Med utgangspunkt i ordførarane sine tilbakemeldingar er alternativet med 5 kommunar i SiS ikkje lenger aktuelt, men dette må stadfestast av kommunestyra*
 - *Det er grunnlag for å arbeide vidare med Hafs-alternativet og alternativet «liten SiS»*

- Etter felles formannskapsmøte 06.11.15 har følgjande skjedd
 - Flora kommune har utsett Bystyrehandsaming til 01.12.15
 - Formannskapet i Gloppen kommune gjorde i møte 11.11.12 slikt vedtak:
Formannskapet i Gloppen konstaterer at det ikkje er grunnlag for å arbeide vidare med Firda kommune som samanslåingsalternativ mot Sunnfjord. Formannskapet ber likevel om at Gloppen får vere med vidare i Sunnfjord-utgreiinga for å avklare om andre samanslåingsalternativ kan vere aktuelle for Gloppen å vere med på
- Innan 1. desember 2015 må:
 - Flora kommune ha gjort vedtak i høve SiS-alternativet
 - Hafs-kommunen ha avklart realismen i Hafs-alternativet
 - Gloppen kommune må gjere ny vurdering om dei genuint ynskjer å delta vidare i høve «Liten SiS»-alternativet
- Konklusjon:
 - Sjølv om vi endar ut med 2 alternativ, vurderer ein det som tenleg å arbeide vidare som samla prosjekt
 - Saksutgreiing knytt til rådgjevande folkerøysting vil omhandle spelereglar mv om korleis andre kommunar eventuelt kan koplast på «Liten SiS» etter rådgjevande folkerøysting.

Rådgjevande folkerøysting

- Ein tek sikte på at kommunestyra i alle kommunane innan utgangen av januar 2016 har handsama sak om rådgjevande folkerøysting (gjeld også dei kommunane som alt har tatt stilling til spørsmålet om rådgjevande folkerøysting)
- Kvar enkelt kommune må bere kostnadane med gjennomføring av folkerøysting
- Rammeverk for saksutgreiing vil bli drøfta i neste møte i styringsgruppa, 4. desember 2015.

Eventuelt

- Ingen saker.

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen
Prosjektgruppa
Samarbeidande kommunar